

# Skitne knep i kampen om barna



Mange foreldre brukar skitne knep for å vinna omsorgsretten over barna sine, ifølgje psykolog. (Illustrasjonsbilete)

Foto: Sara Johannessen/SCANPIX

**– Rettsvesenet er for naive og lar seg manipulera av foreldre i barnefordelingssaker, meiner tidlegare advokat i denne type saker, Grethe Nordhelle.**

**MARI HANSSEN MJELDE**      **MATHIAS OPPEDAL**  
mari.hanssen.mjelde@nrk.no      mathias.oppedal@nrk.no

Publisert 09.03.2011 09:39.

Når foreldre skil lag og hamnar i rettssak om kven som skal ha omsorgsretten for barnet hender det at foreldra brukar skitne knep.

Grethe Nordhelle har femten års erfaring som advokat og nesten like mange som psykolog. Ho seier at ho har sett fleire døme på dette opp gjennom åra, og at det får for lite merksemd:

## **Farlegast med sakkyndige**

– Dei gjer fleire strategiske ting som førar til at folka rundt dei seier; du verden, så sympatisk person dette er.

**Ho meiner det farlegaste er når sakkyndige psykologar lar seg påverka av far eller mor sin falske opptreden. Deira konklusjon i retten kan vera påverka av manipulasjonen, og det kan bli teke ei avgjerse som ikkje er til barnets beste.**

– Derfor meiner eg at sakkyndige ikkje bør koma med konklusjonar i retten, sidan dommarane ofte lenar seg alt for mykje på desse, seier Nordhelle.

## Kjenner til saker

Sjølv om 90 prosent av barnefordelingssaker løyser seg utan å hamna i retten, er dei ti prosentane som hamner der vanskelege for dommarane. I Stavanger tingrett utgjør barnefordelingssaker 20 prosent av alle sivile rettssaker.

Les òg: Voldelige foreldre beholder omsorg

Les òg: Familie kritiserer barnevernvakta

**John Høyland er sorenskrivar tilknytt Stavanger tingrett og er dommar i barnefordelingssaker, han innrømmer at tilliten til dei sakkyndige psykologane i nokre tilfeller kan vera for stor.**

– Eg vil tru at også eg av og til kan vera eit offer for å ha for stor tiltru til dei sakkyndige. Det finnes døme på at det har blitt tatt avgjersler som ikkje har vore til barnets beste på grunn av dette, men korleis det skal bli unngått har eg vanskar med å sjå, seier Høyland.

## Ingen fasit

Nordhelle påpeiker at det ikkje berre er sakkyndige utspekulerte foreldre prøvar å manipulera ved å spela på kjenslene deira:

**– Barna sjølv, dei tilsette på skule eller barnehagen og barnevernet, dersom dei er involvert, er alle partar som ei mor eller ein far kan bruka for å få folk på si side i saka.**

Men heller ikkje Nordhelle har ein fasit på korleis ein kan oppdaga manipulasjon, men meiner at auka merksemd rundt emnet er eit steg i riktig retning.

## Kommentarer (1)

Barnefordeling

Skrevet av **Kari Mette Bergersen** 09.03.2011 12:39 Godt at det endelig blir fokusert på dette problemet. Ofte har den manipulerende part i et forhold klart å trykke den andre ned, så sjøtilliten er på bann.

"Folk" er utrolig naive, og tror at alle følger spillereglene. Den tapende part i slike tilfeller er barna, som må leve med en manipulator, som i tillegg vil sørge for å ikke overholde barnas rett til begge foreldre. Jeg har med vilje ikke brukt kjønn her; manipulatorer kommer i begge kjønn.

En kontrollordning i ettertid hadde kanskje vært godt for barna, siden dette heldigvis gjelder et fåtall i forhold til tallet på samlivsbrudd.

Barna er de som skal leve lengst med problemet. Varsle

Opphavsrett NRK © 2011

Nettsjef: Sindre Østgård

Ansvarlig redaktør: Hans-Tore Bjerkaas

Tips NRK

Kontakt NRK

Om NRK

Hjelp